

Ugras i etablert eng og beite

tekst og foto: Annlaug Fludal, tlf 94845427

Norsk Landbruksrådgiving SA avd Haugesund, oppdatert juni 2024

Blad	Blomst	Namn	Rådgjerer (alle alternativ er ikkje nemnt)
		Vanleg høymole Slireknefamilien Fleirårig Frøspreiing og med rotbitar Frø beheld spireevne lenge i jord og husdyrgjødsel	Kjemisk: mange aktuelle middel; I etablert eng / beite: Gratil ⚡ -7 dagar behandlingsfrist Flurostar 200 = Tomahawk 200, ⚡, Harmony ⚡ - 7 dagar behandlingsfrist Starane XL = Cleave -⚡, -7 dagar behandlingsfrist mekoprop (fleire preparat-namn)⚡ ⚡, - 14 dagar Banvel ⚡ ⚡, - 21 dagar Duplosan Super⚡ ⚡, - NB 21 dagar – Nokså nytt middel med brei verknad, men lang behandlingstid. ⚡ kan skada kløver ⚡ kan setta graset tilbake Mekanisk: spa opp med hagespade eller spesialutstyr. Få med minst 5 cm av rotstokken. Gjenlegg med tett plantedekke, vil hemma veksten. Blir beita av sau. Vanleg høymole blir best beita.
		Byhøymole Slireknefamilien Fleirårig Frøspreiing og med rotbitar. Meir forgreina rot enn vanleg høymole Frø beheld spireevne lenge i jord og husdyrgjødsel	
		Syregras – matsyre Slireknefamilien Fleirårig Spreiing med korte, underjordiske utløparar og frø	Kjemisk: fluoksypyr-preparat (Flurostar 200, Tomahawk 200, Cleave, Starane XL), Duplosan Super Mekanisk: ingen aktuelle metodar i etablert grasmark. Surjordsplante. Kalking kan redusera bestanden. Tid for gjenlegg?
		Løvetann Korgplantefamilien Fleirårig Frøspreiing og rotbitar. Frøa misser raskt spire-evne. Dyrka som nytteplante i enkelte land.	Kjemisk: fluoksypyr-preparat (Flurostar200, Tomahawk 200, Cleave, Starane XL) Express = Trimmer, Gratil + MCPA*, Duplosan Super Mekanisk: ingen aktuelle i etablert grasmark. Tid for gjenlegg? Blir godt beita av sau.
		Åkertistel Korgplantefamilien Fleirårig Spreiing med undrejordiske utløparar og oppdelte rotbitar (i jord). Stort og djupt rotsystem.	Kjemisk; fenoksysyrer (mekoprop, MCPA*, Duplosan Super) Gjentatt sprøyting på nyvekst Mekanisk: utarming ved gjentatt beitepussing over fleire år. Dekking med svart plast på små koloniar. Trivest best i årerkulturar.
		Myrtistel Korgplantefamilien To-årig Frøspreiing	Kjemisk: fenoksysyrer (mekoprop, MCPA*, Duplosan Super) i april-mai; før stengel-strekking eller på nye rosettar på ettersommaren. Skjerma punktsprøyting i rosetten med glyfosat (RoundUp med fleire). Mekanisk: Salt eller kunstgjødsel i rosetten vil tørka ut planta. Hacking av rosetten, heile året om mulig. Avpussing av blomsterstand.
		Vegtistel Korgplantefamilien To-årig Frøspreiing	*NB Alle MCPA-middel har fått nye preparat-namn. Nufarm MCPA 750 = Agrozone (Felleskjøpet) MCPA 750 Nufarm = Duplosan Max (Norgesfôr) MCPA 750 Flytende = Metaxon (Fiskå mølle) m.fl. Mekoprop har òg fleire ulike preparatnamn. Duplosan Super er preparatnamn og inneheld tre ulike fenoksysyrer i blanding
		Landøyda Korgplantefamilien Fleirårig Frøspreiing Giftig, særleg for storfe og hest. Gifta forsvinn ikkje ved ensilering / tørking	Kjemisk: Gratil eller mekoprop. Duplosan Super. Best verknad før plantene blomstrar. Mekanisk: hacking eller dra opp planter for hånd. Bruk hanskar.

		Revebjelle Maskeblomstfamilien To-årig Frøspreiing Svært giftig. Medisinplante.	Kjemisk: sterk dose mekoprop har gitt gode resultat i forsøk. Det er grunn for å tru at Duplosan Super òg verkar godt. Sprøyt før blomsterstengelen har blitt stor. Mekanisk: handluking, haking av rosett, dra opp blomsterplanter. Bruk hanskar. Fjern blomsterstand før frøsetting.
		Krypsoleie Soleiefamilien Fleirårig Spreiing med overjordiske utløparar og frø	Kjemisk: fenoksysyrer. Duplosan Super. MCPA* er òg oppgitt å ha god verknad på etablerte planter, evt i blanding med fluroksypyr (Tomahawk 200, Flurostar, Spitfire). Trivest på moldrik, våt jord. Ingen aktuelle mekaniske råd utanom nytt gjenlegg.
		Engsoleie Soleiefamilien Fleirårig Spreiing med frø Giftig. Blir ståande igjen i beite. Gifta forsvinn ved tørking eller ensilering	Kjemisk: fenoksysyrer: Duplosen Super. Mekoprop er oppgitt å verka betre enn MCPA* på etablerte planter. Express = Trimmer + klebemiddel (beite) Mekanisk: pussing av beiter med blomstrande engsoleie kan dempa planta.
		Vassarve Nellikfamilien Eittårig Spreiing med frø Ikkje giftig, men blir ofte vraka av dyra. Hard beiting med sau om våren kan dempa bestanden.	Kjemisk: sjeldan nødvendig i etablert grasmark. Express med klebemiddel (beite) eller mekoprop tidleg vår, Harmony + klebemiddel, Duplosan Super Mekanisk: ingen aktuelle metodar i etablert grasmark. Likar godt oppgjødsla og kalka areal. Forebyggande: unngå trakkskade. Så i grasfrø på opptrakka areal.
		Stornesle = brennenesle Neslefamilien Fleirårig Spreiing med underjordiske utløparar og frø Gammal nytteplante	Kjemisk: fluroksypyr-preparat (Flurostar 200, Tomahawk 200, Cleave, Starane XL) Duplosan Super Mekanisk: utarming ved gjentatt avpussing Trivest på godt gjødsla areal (nitrogen-elskande)
		Hundekjeks Skjermplantefamilien Fleirårig Frøspreiing	Kjemisk: Harmony + klebemiddel eller mekoprop (sterk dose). Duplosan Super Mekanisk: Tid for gjenlegg om det er mykje hundekjeks i enga? Enkeltpanter kan ein dra opp.
		Lyssiv / Knappsiv Sivfamilien Fleirårig Frøspreiing og korte underjordiske utløparar	Kjemisk: fenoksysyrer; mekoprop/MCPA*. God verknad det meste av vekstsesongen. På grunn av behandlingsfrist kan sprøyting etter ei avbeiting vera eit praktisk tidspunkt. Mekanisk: gjentatt beitepussing. Best verknad midtsommar-haust
		Sølvbunke Grasfamilien Fleirårig Frøspreiing og korte underjordiske utløparar	Kjemisk: forsiktig, skjerma punktsprøyting med glyfosat-preparat. Mekanisk: beitepussing og evt. maskinell fjerning av store tuer. Så i nytt frø etter glyfosatsprøyting og fjerning av daude tuer.
		Einstape Bregne Fleirårig Spreiing med underjordiske utløparar og sporer ("frø") Giftig	Kjemisk: Gratil når blada er fullt utvikla i juli. Glyfosat . Gjenta sprøyting på gjenvekst. Mekanisk: utarming ved gjentatt avpussing / slått. Helst to gonger årleg eller meir.